



LHL

ÅRSMELDING FOR 2020

Generell informasjon:			
Laget sitt namn:	LHL Luster	Laget sitt nummer:	2123
Tal medlemmar:	143 (143/2019)	Laget sitt kontonummer:	3785 07 06027
Tal styremøte:	8 (12/2019)	Tal frivillige medarbeidarar:	22

Innleiing:

LHL Luster sitt arbeid i 2020 har vore sterkt prega av koronapandemien. Alle aktivitetar stoppa opp 12. mars då regjeringa innførde nedstenginga av Noreg. Dette varde heilt fram til sommarferien. Det vil å seie at det nye styret som vart vald på årsmøtet i februar, så vidt vart kjende med kvarandre og arbeidet i styret før sommaren. Trimtilbodet starta opp igjen i september på grunnlag av retningslinene frå LHL sentralt. Det medførde at trimdansen diverre måtte avlysast. Aktivitetsgruppene har vore leia av dyktige og ansvarsfulle likepersonar og triminstruktørar. Etter at gruppene starta opp igjen i september, har det vore stabilt oppmøte.



ÅRSMØTET vart halde på Grandmo lagshus tysdag 25. februar 2020. Vanlege årsmøtesaker: årsmelding, rekneskap, budsjett vart lagde

fram og godkjende. Handlings- og arbeidsplan for 2020 vart utsett til det nye styret for 2020.

19 medlemmar møtte på årsmøtet.

STYREMØTE: Det første møtet mellom det gamle og det nye styret samt konstitueringa av nytt styre vart halde 10. mars 2020.

Styret har hatt 8 møte og handsama 35 saker.

MEDLEMSINFO vart sendt ut til alle medlemmar i april/mai og i oktober/november med e-post, post og lagt i postkasse. Det vart orientert om årsmøtet i februar, om aktivitetane i laget og kort om LHL sine digitale trimtilbod. Dessutan ville vi oppdatere medlemslista med fleire og endra e-postadresser. Det vart også sendt ut SMS til alle medlemmane om dette. Laget hadde 143 medlemmar i 2020 – det same som i 2019.

BRUKARMEDVERKNAD I RÅD OG UTVAL

Laila Irene Røneid: styremedlem og nestleiar i «Rådet for personar med nedsett funksjonsevne» 2019 - 2023

Laila Irene Røneid: styremedlem i Luster treningssenter A/S,

Astrid Hansen: varamedlem i Luster treningssenter A/S

FYSISKE AKTIVITETSTILBOD

Laget har tre trimgrupper som har aktivitetar kvar veke, frå september til mai.

Frå 12. mars vart alle aktivitetar avlyste. Aktivitetstilbodet med unnatak av trimdansen starta opp igjen i september.



Trimdans: Kvar søndag på Friskhuset, Gaupne

Vinteren 2020: 10 gongar – 160 frammøtte (2019: 18/262)

Hausten 2020: avlyst – 0 gongar

Hjartetrim: Kvar tysdag på Friskhuset, Gaupne

Vinteren 2020: 9 gongar - 70 frammøtte (2019: 20/201)

Hausten 2020: 16 gongar - 111 frammøtte (2019: 15/125)

Bading (vasstrim): Kvar torsdag på Lustrabadet, Gaupne

Vinteren 2020: 9 gongar – 65 frammøtte (2019: 18/140)

Hausten 2020: 13 gongar - 97 frammøtte (2019: 13/102)



Oppsummering trim 2020: I dette annleis og utfordrande året 2020 har det vore trimaktivitetar 57 gongar med 503 frammøtte . Kvar samling har vore på minst 1,5 time samver. (2019: 98/1067)

Det har vore i alt meir enn 750 timar med samver på trimaktivitetane (2019: 1500).

Styret er svært takksame for at triminstruktørane har halde fram med det fysiske aktivitetstilbodet hausten 2020 og teke ansvaret for å følgje smitteverntiltaka.

Medlemmar i LHL har høve til å delta på Luster Revmatikarforening sine gåturar.

SOSIALE TILTAK OG ARRANGEMENT

Det har ikkje vore sosiale tiltak og arrangement for medlemmane dette året pga. covid 19 og pandemien. Det vart imidlertid halde juleavslutning for styret og triminstruktørane på Eikum hotell laurdag 5. desember 2020.

ØKONOMI

Rekneskapen for 2020 viser eit overskot på: kr 25 717,00

Gåve frå Luster Sparebank: kr 20 000,00

Grasrotandelen (Norsk tipping): kr 7250,00

STYRE, ARBEIDSGRUPPER, UTVAL

Kjellrun Vigdal, leiar

Anne Marie Flateby, skrivar

Odd Jarle Øy, styremedlem

Astrid Høgi, styremedlem/likepersonsansvarleg

Oddvar Kvalsøren, styremedlem

Varamedlemmar:

1. Ole Jan Sønnesyn,
2. Aud Kristoffersen

3. Alf Henning Evjestad,

Kontrollnemnd: Sverre Bukve og Jon Galde

Lotteriansvarleg: Styret

Mediekontakt: Styret

Økonomiansvarleg og studieleiar: Ole Jan Sønnesyn

Triminstruktørar og likepersonar: Olav Moe, Helen Kvingedal, Astrid Martinsen, Astrid Hansen, Astrid Høgi, Aud Kristoffersen, Marit Kruhaug



Festnemnd: Astrid Høgi, Oddvar Kvalsøren, Astrid Martinsen, Ingebjørg Sørensen, Helen Kvingedal, styret

Spelemenn på trimdansen: Per Fossøy, Kjell Einar Ormberg

Valnemnd for 2020: Olav Moe (leiar), Jakob Øygard, Per Hess

Utsetting til Landsmøtet i LHL: leiar og den som styret evt. måtte peike ut

Utsetting til fylkesårsmøtet i LHL: leiar og den som styret evt. måtte peike ut.

Stad, dato	
Gaupne, 27. mai 2021	
Underskrifter, styret	
 Kjellrun Vigdal, leiar	 Anne Marie Flateby, skrivar

Astrid Høgi

Oddvar Kvalsøren

Astrid Høgi, styremedlem

Oddvar Kvalsøren, styremedlem

Odd Jarle Øy, styremedlem

Odd Jarle Øy, styremedlem

for